

Kva skjer med ungdomsskulen?

26.09.2008

Kva skjer egentleg med ungdomsskulen i Rosendal, som står først i køa for å bli opprusta? Ein av mange som undrar på det er kommunestyremedlem og Høgreleiar Gunn Mari Moberg frå Uskedalen

Ho stilte spørsmål om saka i kommunestyret torsdag og viste til det "hurtigarbeidande utvalet" som var nedsett sist vår.

- Kor langt har dette utvalet egentleg kome i arbeidet sitt, ville Gunn Mari veta. Ho fekk eit svar av kommunalsjef Kjell Odd Nygård, men synest ikkje ho vart særleg klokare. Og ho er ikkje imponert over tempoet til utvalet som skulle vera hurtigarbeidande.

Kommunalsjefen opplyste at to alternativ ligg føre, men at det også har kome eit tredje alternativ inn i biletet.

Han minte dessutan også om at det så langt ikkje er løyva noko til opprustinga.

Gunn Mari saknar mellom anna nærare opplysningar om kva det tredje alternativet går ut på. Er det til dømes rimelegare enn dei to andre?

Av Ola Matti Mathisen